

Fiskeridirektoratet
postmottak@fiskeridir.no

SAK 18/25
REGULERING AV FISKET ETTER VASSILD
INNSPEL FRÅ PELAGISK FORENING

Innleiing

Ti dagar før reguleringsmøtet hausten 2024 offentliggjorde Fiskeridirektoratet forslag om regulering av vassildfiskeriet. Forslag som direktoratet sjølv karakteriserte som «en radikal endring for næringen». Pelagisk Forening ber om at direktoratet gjer greie for erfaringane etter endringane.

Det blir òg bede om at direktoratet gjer greie for erfaringane med dei nye prøvetakingsreglane, som gjeld frå og med 2025. Dette med tanke på om det er presise data for om det er vassild eller straumsild som faktisk blir landa.

Kvotebytteordning

Vassildkvotane er låge. Difor er det innført kvotebytteordning for vassild. I praksis fiskar kvar båt kvoten på ein tur.

I skrivande stund er ikkje direktoratet sine sakspapir offentliggjort, og det er ukjent om direktoratet vil foreslå at kvotebytteordninga blir vidareført. Pelagisk Forening har ikkje innvendingar til eventuell vidareføring av kvotebytteordninga.

Flex og/eller slumfiskeordning

I praksis er det vanskeleg å berekna nøyaktig kor mykje fisk ein får i eit trålhal. Pelagisk Forening ønsker flex på vassild, og/eller innføring av slumfiskeordning for vassild. Det vil gjera at det ikkje er naudsynt å ta omsyn til overfiske før fordeling av kvotar på fartøynivå. Dette vil òg gje større avkastning til fiskarane.

Fordeling av kvote

I reguleringsdokumenta for 2024, sak 12 s. 3 og 4, skriv direktoratet at «Det er som normalt ikke stort overfiske av fartøyenes kvote, og selv om noen fartøy har oversteget kvoten med større margin, ligger overfisket per tillatelse i gjennomsnitt 26 tonn over kvoten. Omfanget av overfiske er på tilsvarende nivå som vi har sett de siste årene, og som er beregnet inn når gruppeknoten fordeles.» (Understreking her.) Dvs. at det er ei underregulering for å ta omsyn til overfiske. Dersom kvotebytteordninga ikkje blir vidareført bør det vera ei overregulering. Dette for å ta omsyn for at nokre kvotar ikkje plar bli fiska.

Det er 30 vassildtrålløyeve. Det er vanleg at ca. fem av desse ikkje blir fiska. (Ref. reguleringsdokumentet for 2024 s. 3.) Dramatiske kutt i kvoteråda for makrell og kolmule vil truleg føra til større interesse for marginale fiskeri, og at fleire vanlegvis passive vassildkvotar blir aktivisert/fiska. Reguleringa bør ta omsyn til dette.

Trekk på fartøynivå

Det blir òg bede om at direktoratet vurderer om eventuelt overfiske ikkje berre skal føra til inndraging, men òg om kvantumet skal trekkast på fartøynivå neste år. Dette som ei prøveordning. Det vil truleg føra til at det blir mindre overfiske.

Områdestengingar

Biologien endrar seg, og det er uvisst om omsyna bak stenging av Trænadjupet framleis gjer seg gjeldande. Pelagisk Forening er ikkje kjent med at det har vore rtc-stengingar i vassildfisket i 2025, og ber om at det blir vurdert å opna stengte område. Eventuelt at direktoratet set av ressursar slik at det kan bli gjort prøvefiske med kontrollør om bord.

Bergen: 15.10.24.

Pelagisk Forening/
Pelagisk Servicekontor AS



Ask Økland
Advokat



Mariann Frantsen
Dagleg leiar